Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Lindås

Emne: Beit og brom. Bygdelag:

Oppskr. av: K. Spjeldnæs. Gard: Spjeldnæs.

(adresse): Lindås. G.nr. 87 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Beit vart her berre brûkt i sers fôr-
knappe år og når det leid fram på
vårvetteren og når bjørki ~~bjørki~~ so vidt
byrja bregda i knoppane. Til beit
brûka ein bjørk, rogn og selja.

2. Å henta sovara får kolla med å beita
Ikkje sers sleda til transport av beit
kjenner eg ikkje til her.

3. Generelt var det brûka å køyra heim
i tûna fleire lass risved av dei vanlege
treslagi, og so løyste ein krøtri ût
til å beita i riskasten. Med det var
det slutt kring 1800 åri. Seinare gav
ein det i båsen til krøtera. Beite vart
aldri hakka eller blanda med anna fôr.
Til å skjera beit med brûkte ein sigd.
I dei seinste 50 år er slikt fôr ikkje
brûkt her. Nokka beitesanking i sam-
band med langfredag kjenner eg ikkje til
her.

1260